



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Torkel Matias Hofseth
Telefon: 57 72 32 57 / 908 36 249
E-post: tmh@fmsf.no

Vår dato
22.12.2010
Dykkar dato

Vår referanse
2010/15941 - 421.53
Dykkar referanse

Kommunane i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Skogeigarlag
Kystskogbruket v/Helge Kårstad

Skogsvegbygginga i Sogn og Fjordane

Det vart ferdigstilt 6,5 km nye bilvegar og 5 km vegar ombygd til bilveg i 2010. Det vart ferdigstilt 8,5 km med traktorveg, dette er faktisk det lågaste talet sidan 1966.

Tabellen under viser ferdigstilte skogsvegar i 2010:

KOMMUNE	Total kostnad		Bilvegar - nyanlegg			Bilvegar - ombygning			Traktorvegar - nyanlegg			Traktorvegar - ombygning		
			Lengde	Kostnad	Tilskot	Lengde	Kostnad	Tilskot	Lengde	Kostnad	Tilskot	Lengde	Kostnad	Tilskot
1401 FLORA	1 859 194	359 550	710	700 000	35 000	0	0	0	3 415	912 194	238 100	550	247 000	86 450
1416 HØYANGER	130 000	46 800	200	130 000	46 800	null	null	0	0	0	0	0	0	0
1417 VIK	2 171 447	1 221 181	1 650	2 171 447	1 221 181	null	null	0	0	0	0	0	0	0
1418 BALESTRAND	427 000	256 200	650	427 000	256 200	null	0	0	0	0	0	0	0	0
1419 LEIKANGER	557 216	218 007	0	0	0	0	0	0	2 150	557 216	218 007	100	null	0
1420 SOGDAL	53 400	21 360	0	0	0	0	0	0	700	53 400	21 360	null	null	0
1426 LUSTER	623 009	326 209	800	240 000	144 000	2 410	224 355	134 613	750	158 654	47 596	0	0	0
1430 GAULAR	602 288	240 915	650	460 288	184 115	400	142 000	56 800	0	0	0	0	0	0
1432 FØRDE	29 970	8 991	0	0	0	0	0	0	400	29 970	8 991	null	null	0
1438 BREMANGER	226 795	136 077	null	null	92 708	1 100	226 795	43 369	0	0	0	0	0	0
1443 EID	769 670	461 802	600	769 670	461 802	1 150	null	0	0	0	0	0	0	0
1449 STRYN	1 362 838	800 753	1 220	1 306 338	783 803	0	0	0	400	56 500	16 950	0	0	0
	8 812 827	4 097 845	6 480	6 204 743	3 225 609	5 060	593 150	234 782	7 815	1 767 934	551 004	650	247 000	86 450

Tabellen under viser løyvde tilskot, utbetalingar og ansvar for kvar kommune:

KOMMUNE	Inngående Ansvar	Løyvd	Inntrekk	Utbetalt	Utgående ansvar
1401 FLORA	570100	0	0	138950	431150
1411 GULEN	0	0	0	0	0
1413 HYLLESTAD	980612	0	0	0	980612
1416 HØYANGER	897000	61200	0	166800	791400
1417 VIK	1413762	1834081	534120	1765276	948447
1418 BALESTRAND	1430200	482188	152400	378120	1381868
1419 LEIKANGER	0	127105	0	127105	0
1420 SOGDAL	338200	3360	0	79636	261924
1422 LÆRDAL	487000	205308	0	423762	268546
1426 LUSTER	256004	773959	88000	536387	405576
1428 ASKVOLL	0	50000	0	19992	30008
1429 FJALER	493000	765000	364000	0	894000
1430 GAULAR	56746	0	0	24915	31831
1431 JØLSTER	26475	11625	0	23143	14957
1432 FØRDE	38400	158991	0	158991	38400
1433 NAUSTDAL	181000	0	0	0	181000
1438 BREMANGER	93315	485777	850	225662	352580
1439 VÅGSØY	0	0	0	0	0
1441 SELJE	0	0	0	0	0
1443 EID	97200	0	0	0	97200
1445 GLOPPEN	350000	527000	0	631800	245200
1449 STRYN	629387	1092613	258860	952432	510708
Totalt	8338401	6578207	1398230	5652971	7865407


Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50


E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Tal kilometer ferdigstilt bilveg har ligge kring 10 km årleg dei siste 10 åra. I følgje utarbeida manus til hovudplanar for skogsvegvar er dette mykje for lågt, dei viser at det er trong for å byggje meir enn 1000 km nye skogsbilvegvar dei neste 20 – 30 åra, altså kring 40 km kvart år.

Figuren under viser utviklinga i skogsvegbygginga (med statstilskot) i Sogn og Fjordane dei siste tjuåra:



Figuren under viser prisutviklinga for skogsbilvegvar siste tjuårsperiode:



Det er mange grunnar til at det vert bygd mindre vegar enn ønskjeleg. Figuren under viser at vegane har vorte svært mykje dyrare (meterprisen er i 2010-kr, justert med prisindeks for offentleg vegbygging), mens totalt utbetalt tilskot er meir enn halvert. Tømmerprisen har faktisk vore relativt stabil i heile perioden (tilskot og tømmerpris er justert til 2010-kr med konsumprisindeksen).

Skogreisinga starta for alvor i 1960 og dei eldste felta er difor ikkje hogstmogne før tidlegast i 2020-2030. Det er difor forståeleg at mange skogeigarar ikkje ynskjer å ta store utlegg i dag når inntekta ikkje kjem før om 15 år.

Det er dessverre ikkje noko bra teikn at det er 60% auke i vegbyggingskostnadane over dei siste tjue åra. Dette er altså ei relativ auke, relatert til ein allereie stor auke i generelle anleggskostnadar i samfunnet. Noko må kunne tilskrivast høgare krav til standard no enn på nittitalet, men vi trur hovudårsaka er færre spesialiserte skogsvegentreprenørar og dårlegare oppfølging av anleggsarbeidet både frå kommunane og grunneigarane.

Samfunnsnytta av skogsvegar er stor, bruttoproduktet (verdiskapinga) i skognæringa for kvar meter nybygd skogsbilveg kan eksempelvis vere 35 gonger det offentlege tilskotet!

Dei tekniske forslaga til hovudplanar for skogsvegar er lagt ut på Fylkesatlas (<http://www.fylkesatlas.no>). Vi vonar kommunane vil teke desse planane opp til handsaming i 2011, slik at vi i løpet av året kan ha ferdige hovudplanar for skogsvegar i heile fylket.

For å stimulere til gjennomføring av nokre av dei større fellesvegprosjekt vurderer vi å auke makstilskotet til 70% på anlegg som løyser ut store areal med planta gran. Vi vil også hjelpe til med å følgje opp bygginga av større veganlegg betre.

Men først vil vi ynskje alle ei god og fredeleg julehelg!

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Torkel Matias Hofseth
fylkesskogmeister

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.